



# **ANLEGGSPLAN**

**for Sogn og Fjordane Skikrins**

**2008-2012**

VEDTATT AV SKIKRINSTINGET 2008

Planen skal rullerast i 2009 & 2011

Oppdatert etter Skikrinstinget 2009

## INNHALDSLISTE

### 1. Innleiing

- 1.1 Norges Skiforbund
- 1.2 Sogn og Fjordane Skikrins
- 1.3 Klassifisering av anlegg

### 2. Anleggssituasjon i Sogn og Fjordane – status

- 2.1 Langrenn
- 2.2 Alpint
- 2.3 Hopp/ kombinert

### 3. Rammevilkår

- 3.1 Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse
  - 3.1.1 Bakgrunn
  - 3.1.2 Fylkesdelplanen sitt hovudmål for anlegg
  - 3.1.3 Oversikt over anlegg som skal styrast av Fylkesdelplanen
  - 3.1.4 Anlegg med driftstilskot frå fylkeskommunen i perioden 2006-2009
  - 3.1.5 Status vedr. anlegga som får driftstilskot
  - 3.1.6 Skikrinsen sine innspel til planprosessen
- 3.2 Kommunedelplanar
- 3.3 Tilskot- og finansieringsordningar
  - 3.3.1 Spelemidlar til anlegg og fysisk aktivitet
  - 3.3.2 Støtte til snøproduksjon
  - 3.3.3 Anna finansiering/ tilskot

### 4. Utbyggingsbehov

- 4.1 Snøproduksjon
- 4.2 Langrenn
- 4.3 Alpint
  - 4.3.1 Billetteringssamarbeid
  - 4.3.2 Større alpinanlegg
  - 4.3.3 Mindre alpinanlegg
  - 4.3.4 Sikkerheitsutstyr
- 4.4 Hopp/ kombinert

### 5. Handlingsplan

- 5.1 Nye anlegg
- 5.2 Nærmiljøanlegg
- 5.3 Rulleskiløyper
- 5.4 Rehabilitering

## 1. INNLEIING

### 1.1 Norges Skiforbund

Norges Skiforbund arbeider etter strategiplanen vedtatt av Skitinget.

Anlegg er eit av innsatsområda i planen. Måla innanfor anleggsområde som blir vedtekne på Skitinget kvart andre år legg føringar for dei planar skikrinsane og laga skal arbeide etter.

Norges Skiforbund skal arbeide aktivt for å sikre skiidretten ein rettmessig del av midlane som gjerast tilgjengeleg gjennom spelemiddelordninga. Den statlege anleggspolitikken fokuserar på anlegg for born og ungdom i lokalmiljøet, rehabilitering og større satsing i storbyane. I anleggsarbeidet ynskjer Norges Skiforbund å bidra til at anleggsmassen utviklast på ein måte som skiidretten er mest tent med.

Visjonen som Norges Skiforbund arbeider etter er *Mange, gode og glade skiløparar*. Gode tidsriktige og snøsikre anlegg er ein av dei viktigaste føresetnadane for vekst og utvikling i skiidretten.

Gjennom den til ei kvar tid gjeldande strategiplan har Norges Skiforbund eit styringsverktøy for utvikling av skianlegg i Noreg. Planen er presentert på Noregs Skiforbund sine nettsider.

### 1.2 Sogn og Fjordane Skikrins

Sogn og Fjordane Skikrins (SFSK) har ein anleggskomite som fungerer som bindeledd mellom laga og offentlege organ på kommune og fylkesnivå.

På Sogn og Fjordane Skikrins sitt krinsting i 2002 vart det vedteke den første anleggsplanen for skiaktiviteten i fylket.

SFSK tek sikte på at planen skal følgje planperiodane for fylkesdelplan for idrett og friluftsliv.

Planen som no ligg føre for perioden 2008-2012, bygger for det meste på tidlegare registreringar.

Laga er i planprosessen oppmoda om å endre faktaopplysningane for sine anlegg, og kome med framlegg til endra prioriteringar.

Anleggskomiteen har fremja eit samla planframlegg for skikrinsstyret, som så vert lagt fram for tinget til handsaming og vedtak.

Planen er bygd opp slik:

- I kapittel 2 gjev ein oversyn over status for skianlegga i Sogn og Fjordane. Anleggssituasjonen vert presentert greinvis
- I kapittel 3 presenterar ein eit oversyn over dei rammevilkåra som gjeld for planlegging og utbygging av nye skianlegg, i form av offentlege plankrav samt planar og tilskotsordningar.
- Kapittel 4 vert brukt til ein analyse av behov for nye anlegg og rehabilitering.
- I kapittel 5 vert handlingsplanen for dei kommande åra presentert

Planen har vore ute til høyring i idrettslag, skianlegg, offentlege etatar og andre idrettsorganisasjonar.

### 1.3 Klassifisering av anlegg

Kultur- og kirkedepartementet har definert anleggskategoriene slik:

Nærmiljøanlegg	Enkle anlegg for fysisk aktivitet (trening, trim, leik) berekna for lokalbefolkninga. Anlegga er lokalisert i eller direkte i samband til bustadområde/ grend. Målgruppa er først og fremst born og unge, men også andre som til dagleg i stor grad er knytt til sitt nærmiljø, m.a. eldre.
Ordinære anlegg	Anlegg med ein standard som gjer det mogleg å arrangere meisterskap frå KM til NM. Dei tekniske krav til mål og utforming av anlegga tek utgangspunkt i konkurransereglane til det einskilde særforbund. Ordinært anlegg kan også vere nærmiljøanlegg.
Nasjonalanlegg	Anlegg med ein standard som gjer det mogleg å arrangere internasjonale meisterskap og større konkurransar.

## 2. ANLEGGSSITUASJON I SOGN OG FJORDANE – STATUS

### 2.1 Langrenn

Det er registrert svært mange langrennsanlegg i fylket.

Dessverre har mange av desse anlegga relativt dårlege snøtilhøve, og tilfredstiller heller ikkje krava til ein moderne konkurransearena. Ullsheim Skisenter, Langeland Skisenter og Sogn Skisenter er regionanlegg for langrenn. Ullsheim har i tillegg løypetrasear som er FIS-godkjende.

I tabellen på neste side vert dei ulike anlegga vurderte med bakgrunn i krav til eit moderne langrennsanlegg.

Tabellen viser dei anlegg som har hatt krinsrenn dei seinare åra.

Anlegg	Klassifisering	Homologert	Løype (lengde, topografi, breidde)	Stadion område (støtt,)	Smø-produksjon	Servicebygg, toalett, parkering.	Løpar fasilitetar (garderobe, smørjebu)	Rulleskiløype
<b>Ullsheim Skisenter</b>	Nasjonal	Ja	God	Ja	Ja	Godt	Godt	Nei
<b>Tua Skisenter</b>	Nasjonal	Ja	God	Ja	Nei	Godt	Godt	Nei
<b>Vik Skisenter</b>	Nasjonal	Ja	God	Ja	Nei	Godt	Godt	Ja
<b>Langeland Skisenter</b>	KM/Krins	Ja	God	Ja	Ja	Godt	For lita smørjebu. Elles bra.	Nei
<b>Sogn Skisenter</b>	KM/Krins	Under arbeid	God	Ja	Nei	Godt	Manglar garderobe og smørjebu	Nei
<b>Leirdalen Skisenter</b>	Krins	Nei	God	Nei	Nei	Godt	Mangelfullt	Nei
<b>Seimsåsen Skisenter</b>	KM/Krins	Ja	God	Ja	Nei	Godt.	Manglar smørjebu.	Nei
<b>Høgdenes Skisenter</b>	KM/Krins	Nei	Noko smalt	Nei	Nei	Manglar servicebygg m.m.	Manglar servicebygg.	Nei
<b>Hodlekve Skisenter</b>	KM/Krins	Ja	God	Nei	Nei	Godt	Godt, men manglar smørjebu.	Nei
<b>Kleivane Skisenter</b>	KM/Krins	Nei	For smalt, lite variert.	Nei	Nei	Manglar kafe, garderobe	Manglar servicebygg og smørjebu.	Nei
<b>Harpefossen Skisenter</b>	KM/Krins	Nei	Lite variert for kl.	Nei	Nei	Godt	Delvise manglar	Nei
<b>Kleppa Skisenter</b>	KM/Krins	Ja	God	Nei	Nei	Godt	Godt	Nei
<b>Ålandsleitet Skisenter</b>	KM/Krins		Gode	Ja	Nei	Manglar servicebygg	Ikkje tilfredsstillande	Nei
<b>Nordfjord Fritidssenter</b>	KM/krins	Ja	God	Ja	Nei	Godt	Godt	Nei
<b>Hjortebakkane Skisenter</b>	Krins	Nei	Noko smalt	Ja	Nei	Godt	Smørjebu	Nei
<b>Humlestølen Skisenter</b>	Krins	Nei	Noko smalt	Nei	Nei	Godt	Ikkje tilfredsstillande	Nei
<b>Hornindal Skisenter</b>	Krins	Nei	God	Ja	Nei	Manglar	Manglar	Nei
<b>Breimsbygda Skisenter</b>	Krins	Nei	God på opne fjellet	Ja	Nei	Godt	Godt	Nei
<b>Fardalen Skisenter</b>	Krins	Nei	Lite variert	Nei	Nei	Godt	Godt	Nei

## 2.2 Alpint

Det er registret elleve større alpinanlegg i fylket. Av desse er fire i Nordfjord (inkl. Stryn Sommerskisenter), tre i Sunnfjord og fire i Sogn. Med større anlegg meiner ein her anlegg som har ein høgdeskilnad over 100 meter. For kommunane Lærdal, Årdal og Aurland er Filefjell Skisenter eit naturleg å anlegg å bruke til alpinaktivitet, men dette anlegget ligg utanfor fylket og er såleis ikkje teke med i planen.

Harpefossen Skisenter, Jølster Skisenter og Sogn Skisenter er regionanlegg i alpint. Harpefossen Skisenter har FIS-godkjente trasear i slalåm, storslalåm og super-g. Sogn Skisenter har FIS-godkjent trase i slalåm og storslalåm, medan Jølster Skisenter har trasear som er under FIS-godkjenning. Det er planar om at desse traseane skal homologerast innan utgangen av 2008

Tabellen viser dei anlegga som har ein høgdeskilnad over 100 meter.

Anlegg	Slalom	Storslalom	Super-G	Snøprod.	Kafe, toalett, varmestove
<b>Harpefossen Skisenter</b>	FIS	FIS	FIS	Ja	Ja
<b>Jølster Skisenter</b>	Under godkj.	Under godkj.	Under godkj.	Ja	Ja
<b>Sogn Skisenter</b>	FIS	FIS	Krins	Ja	Ja
<b>Stryn Skisenter</b>	Krins	Krins	Krins	Ja	Ja
<b>Sunnfjord Skisenter</b>	Krins	Krins	Nei	Ja	Ja
<b>Hodlekve Skisenter</b>	Krins	Krins	Nei	Nei	Ja
<b>Breimsbygda Skisenter</b>	Krins	Krins.	Nei	Nei	Ja
<b>Kleppa Skisenter</b>	Sone	Sone	Nei	Nei	Ja
<b>Siplo Skisenter</b>	Sone	Sone	Nei	Nei	Ja
<b>Aabergsdalen Skisenter</b>	Sone	Sone	Nei	Nei	Ja, kan utbetrast.
<b>Stryn Sommarskisenter</b>	Krins	Krins	Nei	Nei	Ja

Av alpinanlegga er det fem som har snøproduksjon i delar av bakken. Fleire av anlegga er i ferd med å utbetre kapasiteten m.o.t. snøproduksjon slik at ein kan legge kunstsno i delar bakken på relativt kort tid.

I tillegg til anlegga ovanfor er der ein del tautrekk/ barneheisar lokalisert rundt om i fylket. Pr. d.d. er det registrert 16 tautrekk/ barneheisar i Sogn og Fjordane, dei fleste er etablert i samband med dei større alpinanlegga.

### 2.3 Hopp/ kombinert

I Nordfjord er det gode hoppmiljø kring Nordfjord Fritidssenter og i Hornindal.

Sunnfjord har noko aktivitet kring Kleiva (Langeland), med utøvarar frå Gaular IL, Førde IL og Tambarskjelvar IL.

I Sogn har Kaupanger IL, Vik IL og Hafslo IL god aktivitet, medan aktiviteten er noko låg i Syril IL.

Bjørkelibakkane ved Nordfjord Fritidssenter i Stryn Kommune har status som regionanlegg, medan Kleiva har status som større anlegg med søknadsrett til fylkeskommunal driftsstønad.

Tabellen viser dei anlegga som har hatt krinsrenn dei seinare åra

Anlegg	Ant. bakkar under K-35	Ant. bakkar ml. K-35 – K-60	Ant. bakkar over K-60	Servicebygg, toalett, dommartårn	Moderne profilar	Trase for langrenn (kombinert)
Nordfjord Fritidssenter	3	1	2	Ja	Ja	God
Kvamsbakkane	2	2	0	Ja	Nei	Nei
Vik Skisenter	3	2	0	Ja	Ja	God
Kleiva	3	1	0	Ja	Ja	God
Hjortebakkane	4	1	0	Ja	Ja, men ovarennet er ikkje godt nok.	God
Kleppa	2	0	0	Ja	Nei	God
Jølster Skisenter	1	0	0	Ja	Nei	Ja

Aktiviteten innanfor hoppporten er på veg framover i Sogn og Fjordane, sjølv om det er eit gjennomgåande problem med snømangel i fleire anlegg. Det bør difor satsast meir på snøproduksjon og plastlegging av anlegg.

Nordfjord Fritidssenter (Bjørkelibakkane) er av Norges Skiforbund og skikrinsstyret prioritert til å vere med i programsatsing for plastlegging, hoppanlegget har i 2008 fått tilsagn om støtte til føremålet.

Preparering av anlegga og utstyr til dette arbeidet må også vektleggast både ved planlegging og utbetring.

### 3. RAMMEVILKÅR

#### 3.1 Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

##### 3.1.1 Bakgrunn

Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse styrer fordelinga av spelemidlar til større idrettsanlegg i fylket. Det er eit krav frå Kultur- og kirkedepartementet (KKD) at fylkeskommunen har ein plan for tildeling av spelemidlar til større anlegg.

Fylkesdelplanen byggjer på vedtekne kommunedelplanar. Prosjekt som skal vurderast for spelemidlar må vere prioritert i vedteken ”Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv”

Handlingsprogrammet for 2008 og 2009 blir saman med langtidsprogrammet 2010 – 2015 revidert hausten 2007.

##### 3.1.2 Fylkesdelplanen sitt hovudmål for anlegg

*Trekke opp retningslinjer for dei store anlegga som skal byggast med tilskot frå spelemidlane*

##### 3.1.3 Oversikt over anlegg som skal styrast av Fylkesdelplanen

KKD har sett krav om at anlegg med stor kostnad, anlegg som krev store areal og kan vere ei miljømessig belastning skal styrast av fylkesdelplanen. Ut frå dette har Sogn og Fjordane Fylkeskommune fastsett at følgjande anlegg skal styrast av fylkesdelplanen:

- Fleirbrukshallar, spesialhallar som t.d. fotballhallar, kunstishallar, ridehallar, symjehallar, bowlinghallar og tennishallar
- Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir
- Golfanlegg
- Motorsportanlegg
- Kunstgrasbaner med storleik over 44 x 64 m
- Kunstisbaner
- Nye utandsørs skytebaner

Anlegg som ikkje kjem under desse kategoriane, vert rekna som kommuneanlegg og skal prioriterast i kommunedelplanar for idrettsanlegg, ikkje fylkesdelplanen.

I praksis tyder fylkesdelplanen sine grupperingar at mange alpinanlegg som ikkje kan nyttast i konkurransesamanheng vert kategorisert som stort anlegg, medan alle konkurranseanlegga i langrenn og hopp ikkje er store anlegg ut frå planen sine kriterie.

#### 3.1.4 Anlegg med driftstilskot frå fylkeskommunen i perioden 2006-2009

I 2000 tok KKD bort nemninga fylkesidrettsanlegg, og ordninga med driftsstønad vart lagt om m.a. for å følgje opp mål og intensjonar om å stimulere til aktivitet og frivillig arbeid.

Med driftstilskotet vil Fylkeskommunen stimulere til frivillig arbeid, fokusere på aktivitet og utløyse større kommunale driftstilskot til anlegg med omfattande frivillig drift.

Det vert i prinsippet gitt stønad til eit anlegg i same region (Sogn, Sunnfjord og Nordfjord), m.a. for å bygge opp under dagopne vinteranlegg ut over dagens tilbod.

Dei seinare åra har storleiken på det fylkeskommunale driftstilskotet vore kr 200 000,-. Tilskotet vert fastsett av hovudutval for kultur ved budsjetthandsaminga kvart år.

I planperioden 2006-2009 er følgjande anlegg prioritert for fylkeskommunalt driftstilskot:

<b>Idrett</b>	<b>Anlegg</b>	<b>Eigar</b>	<b>Kommune</b>
Langrenn/ skiskyting	Ullsheim Skisenter	Markane IL	Stryn
Hopp	Nordfjord Fritidssenter	Nordfjord Fritidssenter	Stryn
Langrenn	Langeland Skisenter	Førde Kommune Gaular Kommune Førde IL Gaular IL	Gaular
Alpint/ langrenn	Sogn Skisenter	Luster Kommune Hafslo IL	Luster

Skianlegg som tidlegare har fått driftstilskot, men som er gått ut av ordninga:

- Harpefossen Skisenter AS

### 3.1.5 Status om anlegga som får driftstilskot i planperioden

#### Ullsheim Skisenter

Skianlegget Ullsheim i Markane, Stryn Kommune står fram som eit av dei beste langrenn- og skiskyttaranlegga i landet. Løypene er FIS-godkjende.

Ullsheim har anlegg for snøproduksjon, og anlegget er eigd og vert drive av Markane Idrettslag.

Driftige og dyktige arrangørar har arrangert fleire store konkurransar, m.a. NM-senior nordisk i 1996, VM-junior nordisk i 2004, Norges Cup langrenn 2006 og NM i skiskyting 2008.

Anlegget held også oppe eit omfattande turløypenett, til stor glede for folk flest.

#### Nordfjord Fritidssenter

Hoppcenteret ligg på Vangen i Stryn Kommune. Største bakken er K 90. Fleire mindre hoppbakkar med storleik frå K 10 – K 90 utgjer eit godt hoppcenter.

I Nordfjord Fritidssenter vart det arrangert NM hopp i 1996, Norges Cup renn for hopp og kombinert i 1998 og 1999, junior VM i 2004 og World Cup B i kombinert i 2006.

Stryn Kommune har garantert at anlegget skal vere ope heile sesongen for alle hopparar i fylket. Vidare er anlegget med i programsatsing for plastlegging i regi av Norges Skiforbund.

#### Langeland Skisenter P/L

Langeland Skisenter P/L ligg i Gaular Kommune (mot grensa til Førde Kommune).

Partslaget har totalt 20 partar. Fordeling av partar på eigarane:

- Førde Kommune, 6
- Gaular Kommune, 4
- Førde IL, 4
- Gaular IL, 4
- Førde Bedriftsidrettsråd, 2

Anlegget har:

Lysløyper, oppkøyrde turløyper, skileikanlegg, parkeringsanlegg, varmestove og smørjebu.

Det ligg føre planar for tilrettelegging av skiskyting.

Skisenteret samarbeidar med Kleiva Hoppanlegg om utstyr, preparering, skihytte m.m.

#### Sogn Skisenter AS

Sogn Skisenter AS ligg på Hafslo, Luster Kommune.

Anlegget har:

Alpinløyper, langrennsløyper med lys, skileikanlegg og turløyper.

Oppkøyrde turløyper frå toppen av alpintrekket og vidare innover til m.a. Skoganipa.

Parkingsanlegg, varmestove, garasje- / verkstadbygg.

Det er utarbeida reguleringsplan for området.

### 3.1.6 Skikrinsen sine innspel til planprosessen

Sogn og Fjordane Skikrins har sendt fylkeskommunen ei fråsegn der målsetjinga om at 30% av midlane som skal gå til anlegg styrt av kommunedelplanane må aukast til min. 40%. Dette er gjort av omsyn til at alle skianlegg (utanom alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir) blir regulert gjennom kommunedelplanar for anlegg.

Det er tidlegare også sendt fråsegn om at fylkeskommunen må arbeide for ei regelendring slik at det skal bli høve til å gje tilskot til tyngre prepareringsutstyr i skianlegg.

## **3.2 Kommunedelplanar**

Anlegg som skal få økonomisk støtte, må vere prioriterte i kommunale anleggsplanar. Alle lag med utbyggingsplanar må fremje desse i dei kommunale prosessane.

## **3.3 Tilskot- og finansieringsordningar**

### 3.3.1 Spelemidlar for anlegg og fysisk aktivitet

Når det gjeld finansiering av anlegg har målsetjinga vore at anleggskostnadane skal delast i tre: 1/3 tippemidlar, 1/3 frå kommune og 1/3 frå byggherre. Byggherre er ofte idrettslag. Dette har vist å vere vanskeleg å få til, og det er då først og fremst kommunane som ikkje har greidd å finansiere sin tredjedel.

Idrettsanlegg er delt inn i fem ulike søknadsgrupper; nærmiljøanlegg, rehabilitering, ordinære anlegg, helsesportsanlegg og ombygging av handicapriktige anlegg. I dette avsnittet omtalar vi berre dei tre første nemnde søknadsgruppene.

For at anlegga / utbyggjar skal kunne få tilskot av tippemidlane må ein stå i kommunen sin "Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet". For å få anlegg inn i desse planane må ein signalisere eit behov og lage planar. Planen vert endeleg vedteken i kommunestyret, men vert også handsama i t.d. idrettsrådet der desse finst. Skal skiidretten få pengar til sine anlegg er det viktig at ein er delaktig i idrettsrådet.

### Nærmiljøanlegg

Tilskot til nærmiljøanlegg kan utgjere 50% av godkjente bygg, men maksimalt kr 200 000,- pr byggesteg. Totalt kan eit anlegg ha tre byggjesteg. Anleggstypen er meint til å skulle stimulere spesielt til aktivitet blant barn og ungdom. Element som ligg innanfor denne søknadskategorien når det gjeld ski er: alpinbakkar med ein høgdeskilnad under 30 meter, hoppbakkar på K-20 og mindre, kular og staup, orgeltramp og diverse andre moment. Det finst også ei forenkla tilskotsform for nærmiljøanlegg.

### Rehabilitering

Tilskotet er på inntil ein tredel av kostnadane, men er avgrensa til kr 550 000,-. For einskilde kostnadskrevjande anlegg er maksimal stønad høgare enn her. Nedre grense for kostnad på eit slikt anlegg er kr 90 000,-.

### Nye anlegg

Tilskotet er det same som for rehabilitering. Midlane som er tilgjengelige til nye anlegg i vårt fylke er svært lite i høve til behovet, det kan difor vere lang ventetid før ein får realisert anlegget. Nye større anlegg må stå i fylkesdelplanen. I praksis vil dette gjelde alle alpinanlegg.

### 3.3.2 Støtte til snøproduksjon

Mange år med lite snø og ustabile vinterforhold har vist at anlegg som har investert i snøproduksjonsanlegg har klart å halde aktiviteten oppe, medan anlegg som kun har basert seg på natursnø har hatt noko negativ utvikling (unntaket i Sogn og Fjordane er delar av indre sogn og høgareliggande strøk).

Difor har Norges Skiforbund, med inntekter frå speleautomatane, oppretta ei ordning der laga kan søkje om tilskot til snøproduksjonsutstyr.

Erfaringane med denne ordninga er god og pr. 01.11.2007 har Harpefossen Skisenter og Sogn Skisenter (Heggmyrane) fått støtte til investering i utstyr til snøproduksjon.

- Harpefossen Skisenter: Kr 700 000,- (2006)
- Sogn Skisenter: Kr 500 000,- (2007)

### 3.3.3 Anna finansiering/ tilskot

Ut frå kva anlegg ein snakkar om og kva kommune ein bur i vil det variere kva grad kommunen kan stille opp med økonomiske tilskot ut over det ein får gjennom tippemidlane. Det er likevel verdt å merke seg at dei fleste kommunar stiller opp i større eller mindre grad spesielt i planleggingsfasen.

Lån, dugnad, egne kontantar, rabattar og gåver er elles dei vanlege måtane å fullfinansiere eit anlegg på. Gode avtalar med lokale entreprenørar og nevenyttige medlemmer i idrettslaget er ein viktig del av finansieringa av eit anlegg.

## **4. UTBYGGINGSBEHOV**

### **4.1 Snøproduksjon**

Mangel på natursnø er eit problem i mange anlegg.

Kunstsno kan være med å sikre gode forhold, og lenger sesong i delar av anlegga.

Fordelen med kunstsno er at det tåler mildvêr og slitasje betre enn natursno, ein kan også sikre kvaliteten på underlaget gjennom sesongen ved at til dømes isete delar av traseen kan påførast ny sno.

Før ein investerar i anlegg for snøproduksjon er det nødvendig at traseane der det skal leggest sno er lagt til rette slik at ein får mest mogleg nytte av snoen.

Det er viktig at traseen er godt planert og at dreneringa er tilstrekkeleg.

For dei fleste av anlegga i fylket skjer produksjonen av kunstsno på dugnad noko som kan gje ekstra utfordringar i produksjonsfasen.

Det kan t.d. bli mykje nattarbeid, i tillegg er arbeidet ofte fysisk tungt.

Ein arbeider med luft og vatn under høgt trykk, noko som kan vere svært farlig for ukyndige.

Legg litt ekstra i planleggingsfasen m.a. for å gjere anlegget så lite arbeidskrevjande som mogleg.

Å investere i snøproduksjon krev mykje kapital. I tillegg kjem relativt store driftskostnader. M.a. difor er det viktig at ein gjer eit godt overslag av driftsutgiftene før ein investerar i eit evt. snøproduksjonsanlegg.

Under finn ein eit grovt overslag på effektbehovet ved snøproduksjon:

Viftekanon: Vassforbruk 5 – 28 m<sup>3</sup>/t , vifte 10 kw , trykkluft 4,5 kw eventuell varme 3-5 kw. Lanse Lavenergi kanon: vannforbruk 5 – 23 m<sup>3</sup>/h, trykkluft 4,5 kw

Forsyning av vatn: 100m<sup>3</sup>/t for å bygge opp ca 30 bar trykk ca 20 kw (avhengig av rørdim.)

I tillegg kjem effekt for å løfte vatnet der reservoar ligg på eit nivå som er lågare en topp av snøproduksjonsanlegget.

For å løfte 100m<sup>3</sup> vatn 300m, ca 20 kw (avhengig av rørdim).

Snøproduksjon vil aldri erstatte natursnø, og i framtida må ein rekne med at det blir vesentleg høgare prisar på energi. Difor er det viktig med god planlegging for å sikre enkle og ”energivernelege” løysingar.

#### Her følgjer nokre råd i planleggingsfasen:

Ha god dekning med fast utstyr i ein avgrensa trase for kunne opne eit skitilbod tidleg. (Kan supplerast med portabelt utstyr for tileggs produksjon på punkt med stor slitasje)

Dersom det er mogleg bør ein sikre bruk av vasskjelder med nivå over område med produksjon for å unngå unødig pumping (løfting) av vatn.

Velg utstyr med lågt energibehov.

Lag anlegget så lite arbeidskrevjande som råd.

#### **4.2 Langrenn**

Det er lite behov for nye langrennsanlegg, utfordringa ligg i høve til rehabilitering/ utbetring av anlegga. Her tenkjer ein først og fremst på utbetring av trasear (planering, løypeprofilar, breidde osv.) og stadionområde.

I tillegg bør fleire anlegg vurderer å flytte løypene høgare opp til meir snøsikre område slik at sesongen kjem tidlegare i gang.

Ved rehabilitering og etablering av nyanlegg er det viktig at langrennsanlegga blir utarbeida slik at mest mogleg av løypene kan sjåast frå stadion, gjerne slik at løparane er innom stadion fleire gonger undervegs i konkurransen

Erfaringane og problematikken rundt snøproduksjon har vist at dette kan vere ressurskrevjande. Med andre ord er dette noko få anlegg bør vurderer. Elles bør langrennsanlegg som vurderer denne typen investeringar søkje råd og rettleiing frå ulike alpintenter som har lang erfaring på dette område.

Anleggskomiteen ynskjer å dele anlegga inn i fire kategoriar, der det følgjer ein del krav i kvar kategori.

**1. Anlegg for nasjonale renn**

Krav: FIS-godkjente trasear, homologert, varierte moderne løyper for begge stilartar (breidde, overflateplanering, ”ingen staup”, ulike distansar, m.m.), stort stadionområde, moderne servicebygg, publikumsfasilitetar (parkering, kafe osv).

**2. Prioriterte anlegg for krinsmeisterskap og fylkes cup`ar**

Krav: Varierte moderne løyper for begge stilartar (breidde, overflate planering, ”ingen staup”, ulike distansar, m.m.) som stettar krava til homologering, stort stadionområde, moderne servicebygg, publikumsfasilitetar (parkering, kafe osv)

**3. Anlegg med godkjent standard for renn på krinsnivå**

Krav: Gode trasear for klassisk eller friteknikk, hus for arr. og løparar.

**4. Sonerenn / lokale renn.**

Krav: Funksjonelle anlegg som stettar behovet i området. Desse blir ikkje nemnde i tabellen.

**Utbyggingsbehov**

Anlegg	Kat. 1	Kat. 2	Kat. 3	Endringar som bør gjerast i anlegget / kommentar
Ullsheim Skisenter	X			Ingen større endringar.
Tua Skisenter	X			Breiar trasear og fleire lyspunkt.
Vik Skisenter	X			Utbetring av parkeringsområde og lagerbygg.
Langeland Skisenter		X		Utbetring av stadionområde, leggje til rette for bruk av trasear i høgare område. Utbetre/ forenkle snøproduksjonsanlegget. Utbetre smørjebu.
Sogn Skisenter		X		Smørjebu og garderobe. Nytt stadionområde, delvis nye trasear.
Seimsåsen Skisenter		X		Drenering og planering av trasear. Ny smørjebu.
Hodlekve Skisenter		X		Flytte/ utbetre stadionområde. Planering av trasear. Ny smørjebu.
Høgdenes Skisenter		X		Nytt start og målområde, nytt eller rehabilitering av servicebygg, breiare og meir varierte trasear, ny løypetrase utan lys.
Kleivane Skisenter			X	Breiare og meir varierte trasear, servicebygg m/ smørjebu.
Kleppa Skisenter			X	Overflateplanering, flytting av startområde
Harpefossen Skisenter			X	Ingen større endringar
Nordfjord Fritidssenter			X	Ingen større endringar
Humlestølen Skisenter			X	Servicebygg.
Hornindal Skisenter			X	Servicebygg.
Breimsbygda Skisenter			X	Oppjustering til rundløype (lysløype), sprintløype og skileikanlegg.
Fardalen Skisenter			X	Meir varierte trasear.
Hjortebakkane			X	Breiare trasear
Ålandsleite			X	Har gjort endringar i anlegget.
Jølster Skisenter			X	Utvikle trasear, stadinområde og servicebygg.

I tabellen har ein også kommentert behovet for endringar i anlegga. Dette gjeld endringar som må gjerast for at anlegget skal stette krava til den kategorien dei er oppførde i.

## 4.3 Alpint

### 4.3.1 Billetteringssamarbeid

Vi har ”konkurrerende” anlegg i kvart av dei tre fogderia i fylket. Anlegga er ”konkurrerende” ved at dei spesielt i helgane konkurrerer om ein del av same publikum. Skikrinsen ser her eit stort forbetringspotensiale, og ein trur det er viktig at anlegga kjem i ein nær dialog med kvarandre slik at vi kan utvikle ein anleggsstruktur og eit publikumstilbod som til saman stettar behova i fylket. Felles billetteringssystem for granneanlegg er ein overkommeleg kostnad som kan gje befolkninga i eit område eit vesentleg betre skitilbod med tanke på variasjon og miljøskifte.

### 4.3.2 Større alpinanlegg

Anleggskomiteen ynskjer å dele anlegga inn i tre kategoriar, der det følgjer ein del krav til kvar kategori.

#### 1. Anlegg for nasjonale renn

Krav: FIS godkjende trasear, homologert, varierte moderne trasear for SG, SSL og SL. Målområde, moderne servicebygg, publikumfasilitetar (parkering, kafé etc.)

#### 2. Prioriterte anlegg for krinsmeisterskap og fylkescup' ar

Krav: Varierte trasear for SSL og SL som stettar krav til homologering, moderne servicebygg, publikumsfasilitetar (parkering, kafe etc.)

#### 3. Sonerenn/ lokale renn

Krav: Funksjonelle anlegg som stettar behovet i området.

## Utbyggingsbehov

Anlegg	Kat. 1	Kat. 2	Kat. 3	Endringar som bør gjerast i anlegget / kommentar
Sogn Skisenter	X			Utbygging av garderobe i samband med servicebygg. Gjere delar av treseane breiare. Treng godkjent super-g trase.
Harpefossen Skisenter	X			Betre sikring i fartstraseen.
Jølster Skisenter	X			Byggje varmestove ifbm. den nye traseen. Betre sikring av fartstraseen. Homologere traseane.
Hodlekve Skisenter		X		Grunnplanering, gjere traseane breiare, utbygging av eit mindre skileikanlegg.
Stryn Skisenter		X		Homologering av trasear.
Sunnfjord Skisenter		X		Utvide kapasitet for snøproduksjon, grunnplanering av trasear, sikre drenering i nedre delar av anlegget. Utvide skileikanlegget og oppgradere lys.
Breimsbygda Skisenter		X		
Siplo Skisenter			X	
Kleppa Skisenter			X	
Årbergsdalen Skisenter			X	

#### 4.3.3 Mindre alpinanlegg

Mindre heisar, dvs heisar under 100 høgde meter og skiheisar i skileikanlegg er noko ein bør satse på. Desse heisane skapar veldig stor aktivitet i forhold til kostnadane med å bygge og drive dei. Desse bør ein legge i samband med eksisterande skianlegg, t.d. langrennsarenaer og andre større utfartsstadar for ski.

#### 4.3.4 Sikkerheitsutstyr

M.o.t. gjennomføring av konkurransar/ trening i fartdisiplinane er det etter kvart blitt behov for meir og betre sikringsutstyr (nett etc) i krinsen. Anleggskomiteen vil difor i lag med alpinksomiteen arbeide for at det blir etablert depot for sikringsnett i prioriterte anlegg i krinsen.

### **4.4 Hopp- og kombinert**

Gode og mindre hoppbakkar er den største utfordringa for hoppporten på anleggssida. Dette gjeld særleg bakkar opp til K-45. Vi prioriterer at det blir bygt mindre hoppbakkar opp til K-20, i og med dei får støtte etter satsane for nærmiljøanlegg (50% tilskot).

Vidare må ein hugse på at ferdigheitene til dei unge hopparane utviklar seg raskt, slik at ein også må ha ein del bakkar opp til K-45. Først og fremst bør desse komme i tilknytning til alpinanlegg og eksisterande skiarenaer. Å bygge nye bakkar utanfor eksisterande anlegg er ikkje aktuelt. Vi prioriterer dette framfor andre utbyggingar.

Bortsett frå ved flytting av hoppaktivitet i Kvam til Sogn Skisenter (Hafslo) og evt. nye bakkar i Jølster Skisenter ser ein ikkje for seg nye bakkar over K-45 i komande planperiode.

Generelt må anleggseigarane legge vekt på å få til moderne anlegg. Med moderne anlegg meiner vi gode profilar, utstyr til preparering og ikkje minst skitrekk til bakkane. Skal ein vidareutvikle hopp- og kombinert aktiviteten må ein få ned arbeidsinnsatsen rundt prepareringa, i tillegg er det viktig at ein kan hoppe med ein viss effektivitet.

Det er også viktig å stimulere til samarbeid mellom greinene hopp, kombinert og langrenn slik at det blir flest mogleg kompaktanlegg, der hoppdelen og langrennsdelen kan gjennomførast i nærleiken av kvarandre. Dette gjeld anlegg i alle størrelsar, også sommaranlegg (plastbakkar og rulleski- rulleskiløyper)

Anleggskomiteen ynskjer å dele anlegga inn i to kategoriar:

- 1. Anlegg for nasjonale renn**
- 2. Prioriterte anlegg for krinsmeisterskap og fylkescup' ar**

## Utbyggingsbehov

Anlegg	Kat. 1	Kat. 2	Endringar som bør gjerast i anlegget / kommentar
Nordfjord Fritidssenter	X		Sikre plastlegging i delar av anlegget.
Kvamsbakkane		X	Anlegget skal flyttast til Heggmyrane. Anlegget blir oppgradert til kat. 1 ved flytting.
Vik Skisenter		X	Bygging av dommartårn og plastlegging i delar av bakkane.
Kålsete Skisenter		X	Ingen større endringar.
Kleivabakkane		X	Ingen større endringar. Etablere nokre mindre hoppbakkar i samband med Langeland Skisenter.
Hjortebakkane		X	Ombygging av K55
Kleppa		X	Ingen større endringar, aktuelt å byggje dommartårn dersom hoppakt. aukar i område.

### 4.5 Skileikanlegg

Godt tilrettelagde skileikanlegg med eit mangfald av element og utfordringar nær bustadområde og skular vil vere viktige i arbeidet med å få fleire med i skiaktivitetar og i rekrutteringsarbeidet for skiidretten. Anlegg nær der folk bur eller skular gjer at ungane kan nytte dei når dei har lyst og kan nytte dei utan at dei treng å verte køyrde. Avgjerande er snø og lys. Lys er det mogleg å løyse på ein rimeleg måte. Det er verre med snø. Men etterkvart har det kome snøproduksjonsanlegg også for små anlegg.

Ved utbygging av skileikanlegg i større anlegg som allereie har snøproduksjon, må ein også kunne legge snø i skileikanlegget. I reine skileikanlegg bør ein evt. vurdere mindre snøproduksjonsanlegg, gjerne då fleire i eit samarbeid.

I perioden må vi ha som målsetting at alle større utfartsområde for ski skal ha eit skileikanlegg, som er bearbeida i naturen med ulike moment.

Det største behovet for utbygging er likevel i samband med bustadområde og skular. Her er område som alt vert brukt og som med relativt små investeringar kan verte betre og meir fullstendige skileikanlegg som stimulerer til aktivitet og gjev utfordringar. Skileikanlegg er mindre anlegg og sorterer under nærmiljøanlegg og kommunale anlegg. Men det bør vurderast å utvikle anlegg som kan vere føregangsanlegg. Alle kommunar må utfordrast til å bygge skileikanlegg i bustadområde og ved skular. Men ein må vere realistisk i forhold til snøforholda på dei ulike plassane. På plassar med lite snø bør ein tenkje kombianlegg som kan brukast sommar og vinter (sykkel, rullekøyter og andre idrettar).

Opplegg for preparering og utstyr er også viktig når det vert lagt planar for skileikanlegg. Det bør difor leggest endå større vekt på driftssida når slike anlegg vert planlagt og skal godkjennast.

## 5. HANDLINGSPLAN

Det er laga ein prioritert plan for nyanlegg og ein for rulleskiløyper. Vidare er det laga greinvise handlingsplanar for rehabilitering av anlegg. I handlingsplanen er hovudvekta lagt på rehabilitering av anlegg.

### 5.1 Nye anlegg

Kommune	Stad for anlegg	Innhald i anlegg	Pri.	Kommentar
<b>Hopp/komb.</b>				
Luster	Heggmyrane (Sogn Skisenter)	Nye bakkar for K45 og K70 m.m. Plastlegging i delar av anlegget.	1	Erstattar noverande hoppanlegg Kvam
Jølster	Jølster Skisenter	Nye bakkar for K45 og K70 m.m.	2	
<b>Alpint</b>				
Eid	Harpefossen Skisenter	Fjellheis og alpintrasear på Furuhogane	1	
Sogndal	Hodlekve Skisenter	Ny heis og trasear	2	
Jølster	Jølster Skisenter	To nye trasear og stolheis	3	
<b>Langrenn</b>				
Jølster	Jølster Skisenter	Nye langrennstrasear på ca. 460 moh.	1	

### 5.2 Nærmiljøanlegg / skileikanlegg.

Skikrinsen ynskjer ikkje å gjere ei prioritering mellom skileikanlegga, på grunn av at i praksis får alle anlegg pengar (i alle fall pr. i dag).

Vidare må det jobbast for følgjande:

1. Anlegg i nærleiken av der folk bur, dvs. byggefelt og i nærleiken av skular.
2. Anlegg i alle større skianlegg, der har ein laga følgjande forslag:

Kommune	Stad for anlegg	Innhald i anlegg	Kommentar
Luster	Sogn Skisenter	Hoppbakkar opp til K-20, mindre moment for skileik.	Skileikanlegg
Sogndal	Hodlekve skisenter	Skileikanlegg, lys, moment	Skileikanlegg
Eid	Harpefossen Skisenter	Skileikanlegg med mindre hoppbakkar og moment	Skileikanlegg
Førde	Sunnfjord Skisenter	Skileikanlegg med mindre hoppbakkar og moment. Flytting og forbetring av eksisterande område for barn.	Skileikanlegg
Gloppen	Høgdenene	Skileikanlegg med hopp, kular og mindre moment.	Skileikanlegg
Stryn	Stryn Skisenter	Skileikanlegg med hopp, kular og mindre moment.	Skileikanlegg
Leikanger	Kleppa	Skileikanlegg med hopp, kular og mindre moment.	Skileikanlegg
Årdal	Seimsåsen	Skileikanlegg med hopp, kular og mindre moment m. liten heis.	Skileikanlegg
Naustdal	Instedalen Skileikanlegg	Skileikanlegg med hopp, kular og mindre moment.	Skileikanlegg
Gloppen	Breimsbygda Skisenter	Skileikanlegg med hopp, kular og mindre moment.	Skileikanlegg

### 5.3 Rulleskiløyper

Kommune	Stad for anlegg	Innhald i anlegg	Pri.	Kommentar
Stryn	Ullsheim	Rulleskiløype, asfalt	1	
Førde	Langeland	Rulleskiløype, asfalt	2	
Luster	Heggmyrane	Rulleskiløype, asfalt	3	
Eid	Tua	Rulleskiløype, asfalt	4	

### 5.4 Rehabilitering

Kommune	Stad for anlegg	Behov for endring	Pri.	Kommentar
<b>Alpint</b>				
Sogndal	Hodlekve	Overflateplanering i eksisterande anlegg.	1	
Førde	Sunnfjord Skisenter	Overflate planering	2	
Luster	Sogn Skisenter	Ny heis, med oppbygging av nye moment. Breiare trase i delar av anlegget.	3	
<b>Hopp/komb</b>				
Stryn	Bjørkelibakkane	Plastlegging	1	
Vik	Vik Skisenter	Bygging av dommartårn og plastlegging.	2	
Kaupanger	Hjortebakkane	Ombygging av K-55.	3	
<b>Langrenn</b>				
Sogndal	Hodlekve Skisenter	Flytte/ utbetre stadionområde og planere trasear. Ny smørjebu.	1	
Luster	Sogn Skisenter	Må få tilgang til garderobe og smørjebu. Nytt stadionområde, delvis nye trasear.	2	
Gloppen	Kleivane Skisenter	Breiare og meir varierte trasear, utbetring av servicebygg m/ smørjebu.	3	
Førde	Langeland Skisenter	Utbetring av smørjebu.	4	
Gloppen	Høgdenes Skisenter	Nytt start og målområde, nytt eller rehabilitering av servicebygg, breiare og meir varierte trasear, ny løypetr. utan lys.	5	
Hornindal	Hornindal Skisenter	Må få servicebygg	6	
Vik	Vik Skisenter	Utbetring av parkeringsområde	7	
Eid	Tua Skisenter	Breiare trasear og fleire lyspunkt.	8	
Leikanger	Kleppa	Overflateplanering, flytting av start område	9	
Gloppen	Breimsbygda Skisenter	Oppjustering til rundløype (lysløype) og høveleg sprintløype	10	
Naustdal	Instedalen Skianlegg	Ny langrennstrase i tilknytning til nærmiljøanlegget	11	
Flora	Humlestølen Skisenter	Utbetre løparfasilitetane, tidtakarbu m.m.	12	
Årdal	Fardalen Skisenter	Meir varierte trasear.	13	
Kaupanger	Hjorteb. Skisenter	Breiare trasear	14	
Stryn	Ålandsleitet skisenter	Utbetre servicebygg.	15	

Ei eingongsløyving til mindre rehabiliteringsprosjekt bør først og fremst dekke mindre traseendringar/utvidingar og enkle serviceanlegg (t.d. tidtakarbu/smørjebu).

Så mange som råd av anlegga med prioritering frå 3 og nedover bør rehabiliterast heilt eller delvis gjennom ei slik løyving (med prioritet som synt over).

For tiltaka 1-2 føreset vi rask realisering gjennom ordinære løyvingar

#### *Anleggskomiteen 2006-2008*

*Hallvard Nygård (s)  
Leiar*

*Audar Kullsvæn (s)  
Medlem LK*

*Jetmund Rygg(s)  
Medlem AK*

*Jan Inge Årdal (s)  
Medlem HKK*